



Karsten Torkildsen  
Revskard 8  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1327 - 16/11857

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
13.06.2016

## Godkjenning - GBNR 38/12, 19 - Løyve til oppføring av tilbygg på eksisterande fritidsbustad - Refskar

**Administrativt vedtak. Saknr: 196/2016**

**Tiltakshavar:** Karsten Torkildsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a).

### **SAKSUTGREIING:**

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 38/12, 19, Revsgard 8.

I følgje matrikkelen har eigedomen eit samla areal på om lag 1,63 daa, og matrikkelført eigar er Karsten Torkildsen. I søknaden er det opplyst at tilbygget vil ha storleik på 20 m<sup>2</sup> BYA. Eigedomen er frå før av bebygd med ein fritidsbustad med eksisterande BRA på 91 m<sup>2</sup>. På bakgrunn av teikningsmaterialet som ligg ved søknaden finn administrasjonen at eigedomen totalt, medrekna det omsøkte tilbygget, vil kome under grensa for maksimal storleik på 120 m<sup>2</sup> BRA som følgjer av føresegn 1.6.14 pkt. 5 til kommuneplanens arealdel.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, journalført motteke 25.5.2016.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er uregulert, og er satt av til framtidig fritidsbebyggelse i arealdelen til kommuneplanen, jf. pbl § 11-7 nr. 1. I utgangspunktet gjeld det eit plankrav for areal som er satt av til framtidig bygg og anlegg, jf. føresegn 1.2.1 til kommuneplanens arealdel (KPA). Eigedomen er ikkje omfatta av reglane om unntak frå plankrav i KPA føresegn 2.1.1. Det var likevel ikkje hensikten at det skulle foreligge plankrav for tiltak som det omsøkte. Ettersom formannskapet i møte den 20.04.2016 har vedteke offentleg ettersyn for reviderte føresegner, der eigedomen vil vere unnateke plankravet etter føresegn 2.1.1, legg administrasjonen til grunn at det ikkje gjeld eit plankrav for det konkrete tiltaket i denne saka.

På bakgrunn av det ovannemnde er det omsøkte tiltaket i samsvar med arealformålet.

Plassering – og avstand til nabogrense:

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner dermed tiltaket som vist på situasjonskart journalført 12.5.2016.

Planløyising, høgd og visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 12.5.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av tilbygg på gbnr. 38/12, 19. Grunngevinga går fram av saksutreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt og planteikningar journalført motteke 12.5.2016.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Opplysningar gitt i nabovarsel  
Kart  
Teikningar  
Foto  
Innvendige teikningar

**Mottakere:**

Karsten Torkildsen  
Karsten Torkildsen

Revskard 8            5918  
Stølsvegen 94 e      5262

FREKHAUG  
ARNATVEIT